



Ordførar Synnøve Solbakken hadde ein triveleg prat med Nils Vågen, men han hadde også kritiske merknader på lager... (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ordfører Synnøve Solbakken likar spontanbesøk – det vil seia slike besøk som ikkje er planlagde på førehand. Då får ho oppleva det verkelege livet.

Onsdag var ho på spontanbesøk i Uskedalen og likte det ho såg og høyrde. Men ho fekk med seg nokre ålvorsord frå den eldste av dei seks innbyggjarane på Skorpo, Nils Vågen (86).

- Målsettinga no er visst å rydda ut dei som bor i utkantane, sa Nils til ordføraren på Sandakaien.
 - Det ønskjer vi ikkje, svara Synnøve, men Nils heldt fram:
 - Eg tenkjer mellom anna på oppdrettsnæringa som også har slege seg til like utanfor Skorpo. Før i tida var dette dei beste fiskeplassane våre, men no er dei øydelagde for alltid. Hjørnevåg får ikkje lov til å ta imot fisken som er fanga der.
- Og så tar dei hagla frå dei som har bruk for ho, la Nils til.
Han ville heller ikkje vera heilt med på notene då ordføraren antyda at vi har ei god regjering.

Men ellers hadde ordføraren eit vellukka besøk i Uskedalen, med Torfinn Myklebust som cicerone. Dei ho møtte i båthamnane var fulle av ros om den servicen dei får her i bygda og spesielt glade var dei for at Vertshuset har opna att. Synnøve nytta høvet til å slutta seg til gleden over dette og vonar at gjenopninga blir vellukka. Elles var ho full av ros over SPAR-butikken og ikkje minst då over det høge service-nivået der.

Av Ola Matti Mathisen